



JOHANSEN RØR AS  
Att: Johansen Jan Ove  
Ligrendvegen 2  
5593 SKÅNEVIK

Refnr.	Arkivkode	Saksnr.	Saksbehandler	Dato
FSPR1137	GID 95/94	2024/5686	Egil Eide	Husnes, 27.11.24

## Tilknytingsløyve til offentlig ledningsnett - 95/94

### Det vert gjeve løyve til tilknytning av vassleidning på fylgjande vilkår:

- Tilknytninga skal utførast etter gjeldande VA-norm og *Standard abonnementsvilkår*, av godkjent røyrlaggjar og minst ein person i arbeidslaget skal inneha ADK-1 sertifikat.
- Vassleidninga skal koplatt til eksisterande kum med bakkeventil, slik søknaden viser. Alternativt i kum SID6582 med bakkeventil. Ventilen skal merkjast med varig skilt som viser Gnr/Bnr. Endeleg val av løysing må beskrivast i ferdigmeldinga.
- Det er teikna vassleidning som ligg inn på tomta. Denne må sjekkast ut og eventuelt flyttast om den kjem i konflikt med bustaden.
- Det skal innstallerast vassmålar i hht *Forskrift om vass- og avløpsgebyr for Kvinnherad kommune §5*. Vassmålaren skal leverast av VA. Eigar av eigedommen er ansvarleg for at målararen står frostfritt. Vassmålar registreringa skal leverast saman med ferdigmeldinga.
- Alle leidningar skal målast inn i hht *Leidningsregistreringsforskriften* og VA-norm for Kvinnherad kommune. Innmålingsdata inkl. foto skal sendast til [va@kvinnherad.kommune.no](mailto:va@kvinnherad.kommune.no)
- Straks arbeidet med vatn og/eller avløp er ferdig, skal Ferdigmelding sendast inn. Godkjenning av VA-tilknytning må på plass før søknad om ferdigattest.
- Det vert ikkje gitt ferdigattest/bruksløyve i hht Plan og Bygningslova (gjeld også midlertidig) før vilkåra i løyvet er oppfylt, samt tilknytingsgebyr for vatn er betalt.

Sjå vår heimeside for retningsliner på private stikkleidningar:

<https://www.kvinnherad.kommune.no/private-stikkleidningar>

Tilknytingsgebyra skal vera fakturert og betalt før anlegget kan takast i bruk (jmf Forskrift om vass- og avløpsgebyr i Kvinnherad kommune §4), til ei kvar tid gjeldande gebyrstorleik. Ynskjer ein å nytta vatn for eksempel i byggeperioden, må VA kontaktast slik at gebyra vert fakturert og plomberinga kan opnast.

Ref. Standard abonnementsvilkår, kapittel 2: Dersom arbeidet med tilknytninga vert overført til eit anna ansvarleg føretak enn løyvet er stila til, skal det sendast inn søknad på nytt. Er arbeidet ikkje starta innan tre år etter at løyvet er gitt, fell godkjenninga vekk.

NB Dersom etableringa av stikkleidningar og kummar kjem på andre grunneigarar, må grunnavtale på plass før arbeidet kan ta til.

Vil også gjera merksam på at dette løyvet ikkje gir noko løyve til tiltak som kjem inn under krav til søknadsplikt i Plan og Bygningslova.

- Etablering av stikkleidningar er søknadspliktig etter Plan og Bygningslova. Ta kontakt med avdeling for byggesak og geodata dersom De treng rettleiing for søknadsprosess eller har spørsmål.

Med helsing  
KVINNHERAD KOMMUNE

Egil Eide

Einingsleiar Vatn og Avløp

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*

**Kopi til:**

Navn	Adresse	Postnummer	Sted
Hjelmeland Tore	Omvikdalsvegen 174	5464	Dimmelsvik
NERHUS ANNE BERIT	OMVIKDALSVEGEN 174	5464	DIMMELSVIK
Kvinnherad kommune v/Arill Krossøy - Avdelingsleiar VA			
BERGE SAG OG TRELAST AS Att: Ellef Kvalvågnes	Haukelivegen 676	5582	ØLENSVÅG
KVINNHERAD KOMMUNE Att: Svein Marken - sak nr. 2024/3450	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL